

## Referat frå styremøte i Myrkdalen LP 6. nov 2008 hjå Per Backer

**Desse møtte: Per Backer, Leif Gunnar Ure, Torill Årnot, Maria Petterson, Gudmund Furu.**

**(Det var stort fråfall: ein må vera flinkare til å melda frå om forfall slik at ein evt. kan finna ny dato for møtet, reint formelt er det så vidt ein er vedtaksfør med så få til stades)**

Sak 1: Uttale om Regionalt miljøprogram for Hordaland 2009 – 2012 Regionale prioriteringar og verkemidlar i jordbruket sin miljøinnsats (RMP) Me har sendt nokre merknader med frist 4. november. No er det kome ny frist for uttale (24. nov), så fleire kan uttala seg.

Høyringsutkastet er på 40 sider. Leif Gunnar fekk heftet med seg heim. **Me er sterkt oppfordra til å uttala oss, meiner Dirk.**

Sak 2: Opning av Myrkdalstunnelen: Gudmund, Maria og Anne Marit skal i møte med vegvesenet 12. nov om opplegget, så dette vert tema på neste møte.

Sak 3: Dei uteståande midlande frå fylkesmannen er no komne inn på konto unnateke SMIL midlane som truleg kjem seinare i haust.

Sak 4: Brev frå Miljøverndepartementet om **Verdiskapingsprogrammet for naturarven ikkje berre for nasjonalpark landsbyane** vart delt ut på møtet. Programmet startar i 2009 og vil gje høve til å søkja på midlar til å fremja utvikling økonomisk, sosialt, miljømessig og kulturelt. Notat om dette er lagt ut på heimesida!

Ymse: Rekneskapen vil verta avslutta ved årsskiftet.

Siste quis-kvelden vert flytt nok ein gong pga kollisjon med bygdekvinnelaget sitt møte.. **Ny dato torsdag 13. nov i Ungdomshuset.** Det vert siste kvelden. Men det kom fram ønskje om å laga fleire slike kveldar etter jul.

Neste styremøte: **torsdag 4. desember kl 20 i ungdomshuset.**

**Takk til Per for god bevertning!!**

Gudmund

- ref -